

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	21.02.2023
Vår referanse	2023/28534-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til konsesjonspliktavurdering av Hazel farm kraftverk

Bakgrunn

Hazel farm kraftverk er planlagt i Storelvi med inntak på kote 94, nedstraums avløpet frå Joka kraftverk. Det skal etablerast eit inntaksmagasin på 60 kubikkmeter. Frå inntaket skal det gå ei 300 meter lang nedgraven røyrgate, ned til kraftstasjonen på kote 80. Maksimalt vassuttak er på 4,3 prosent av middelvassføringa. Det er planlagt minstevassføring litt i overkant av alminneleg lågvassføring. Det er ikkje bestemt kva type turbin ein vil ta i bruk, og difor er ikkje maksimal effekt opplyst i meldinga. Estimert årleg energiutbytte er på 0,08 GWh. Ei konsesjonspliktavurdering gjeld effektar av vassdragstiltaket; altså vassuttaket og konstruksjonar i vassdraget. Ved eit eventuelt konsesjonsfritak skal kommunen vurdere arealinngrep utanfor vassdraget, i deira handsaming etter plan- og bygningslova.

Kulturminne

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på gnr. 148 i Fresvik som kjem i konflikt med mikrokraftverket. Det meste av tiltak skal skje nær elvekanten og potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området er vurdert å vera lågt.

Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, rydningsrøysar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn

Friluftsliv

Deler av Elvegata i Fresvik er registrert som eit svært viktig friluftsområde, men det er nedstraums der småkraftverket er planlagd. Vi kan ikkje sjå at tiltaket har nemneverdige konsekvensar for friluftsliv.

Vassmiljø

Vassforskrifta § 4 (overflatevatn) og § 6 (grunnvatn) tillét ikkje at nye byggjetiltak gjer tilstanden av elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn dårlegare enn han er i dag, eller sett miljømåla i risiko, med mindre det er grunnlag for unntak etter § 12.

Ved handsaming av Joka småkraftverk vart anadrom strekning vurdert å vere ved om lag kote 120, slik at tiltaket ligg på anadrom strekning. Etter det vi kjenner til er det ikkje gjort nyare fiskeundersøkingar i vassdraget, men [Vitenskapelig råd for lakseforvaltning](#) har vurdert at tilstanden for sjøaure er dårleg. Dei har vurdert dei viktigast påverknadsfaktorane er arealinngrep og landbruk, i tillegg til at sjøaurebestanden er påverka av lakselus og vasskraftregulering.

Miljøtilstanden etter vassforskrifta i Storelvi nedstraums utløpet av Joka kraftverk er moderat. Tilstanden er klassifisert ned på bakgrunn av fysiske endringar og fisk. Elva er i stor grad kanalisert og retta ut med fleire tersklar. Dette kan ha ført til reduserte gyte- og oppvekstområde for fisk.

Det er difor viktig at ei eventuell ny utbygging ikkje reduserer tilhøva for fiskebestandane ytterlegare, og at den ikkje er til hinder for at god tilstand kan bli nådd. Det er søkt om ei minstevassføring på 120 l/s. Dette er 20 liter mindre enn minstevassføringa til Joka kraftverk, som har utløp like oppstraums. Det kjem inn ei sideelv like nedstraums inntaket, men vi vurderer likevel at minstevassføringa minst må vere på nivå med minstevassføringa til Joka kraftverk.

Sidan tiltaket er på anadrom strekning er det viktig at det ikkje vert etablert nye vandringshinder. Inntaksløysinga må formast slik at fisk kan vandre fritt i Storelvi forbi inntaket til kraftverket.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef
NPI - Grøn vekst, klima og energi

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar
NPI - Grøn vekst, klima og energi

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD LEIKANGER
VIK KOMMUNE

Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Postboks 134 6891 VIK I SOGN